



Akvator AS
Nina Skjerping
Sæ 132
5417 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3675 - 15/32686

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
21.10.2015

Svar på spørsmål ved søknadsarbeidet - GBNR 229/6 Skår (Bjørsvik)

Viser til din e-post datert 20.10.2015 der du stiller spørsmål om fritak for nabovarsling for riving av bygg på gbnr 229/6 i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Ved lovendringa av plan- og bygningslova 1.7.2015, vart det gjort endringar i plan- og bygningslova § 21-33 2.ledd. Loven legg opp til at tiltakshavar/søkjar sjølv kan vurdere om det ikkje trengs nabovarsel, der nabo ikkje, eller i liten grad vert råka.

Lindås kommune er samd i den vurderinga de har gjort, om at riving av bygg i samsvar med reguleringsplanen, ikkje eller i liten grad vil råka nabointeresser i området. Nabovarsel for tilgrensande eigedommer er ikkje nødvendig for rivinga.

Det vert likevel gjort merksam på at dei som har pengeheftelsar i eigdommen må varslast, jf. pbl § 21-3 3.ledd.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt avdelingsleiar Siril Therese Sylta.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Akvator AS

Sæ 132

5417

STORD